

Rapport frå verkstadmøte KPS 23.03.22 med løysingsforslag

Innspel frå politisk verkstad 23.03.2022

Denne oversikta viser innspel frå formannskapet og plan-, teknikk- og miljøutvalet sitt felles møte på Husnes denne dagen. Utgangspunktet var kommunedirektøren sitt framlegg til høyringsutakt til ny samfunnsdel til kommuneplanen. Arbeidet vart gjort etter IGP-metoden: Individuell – Gruppe – Plenum. Punkta i listene under er resultat frå gruppearbeida. Materialet er sortert etter dei kapitla i planframlegget som var til drøfting. Ordlyden er berre sortert tematisk.

Administrasjonen har på bakgrunn av verkstaden foreslått endringar i planen som skal ut på høyring. Desse er lagt til som kommentarar og merking under.

Tegnforklaring:

Gul merking og OK: Endra eller allereie ivaretatt

Blå merking: Ivaretatt i andre planer eller samanhengar. Sjå kommentarar.

[Administrasjonens kommentarer og forslag](#)

Frisk

- OK Manglar noko om beredskap i strategiane, til dømes kvikkleire og pandemi og korleis vi skal jobbe med dette- Ivaretatt mål frisk nr. 4. Ny formulering strategi 1: “Kvinnherad kommune skal ha god beredskap med fokus på å førebyggje, oppdage og setje inn rett innsats tidleg”
- OK Auka sjølvforsyning av mat i kommunen, både bønder og innbyggjarar; småskala.- Ivaretatt mål 10
- OK Fokus på vekst av innbyggjarar, der er det vi vil ha! Konkret tall, foreslått 15000 til 2050. Mål 3 i attraktiv foreslått endra til “Kvinnherad som kommune og samfunn skal arbeide for auke til 15 000 innbyggjarar innan år 2050, og liv i bygdene året rundt.”
- OK Styrke familiens vilkår:
 - o Økonomi
 - o Tilgjenge (geografi)
 - o Pris (kommunale tenester)
- OK Manglar strategi på familie har lagt til setning i strategi som nå lyder “Kvinnherad kommune skal arbeide tverrfagleg og samhandle til beste for innbyggjarane. Familien sine behov skal vektleggjast”.
- OK Rette setning 1. Stryke «ha fokus på å» Har tilføyd en setning om økt beredskap, sjå første punktet. Ordet “fokus” får da en annen mening og kan bli stående
- Graderte satsar på kommunale tenester for dei med flest barn, «søskenmoderasjon» Høyrer heime i underliggend plan/handlingsdel
- OK Kvinnherad skal vere ein attraktiv kommune for barnefamiljar
- (Det er) ingen mål på å betre utfordringar som er i Kvinnherad i f.t. unge uføre m.m.
- OK Ikkje fokus på målbarheit/KPI'ar ivaretatt gjennom Framsikt som verktøy
- OK Kva betyr «minske skilnader i samfunnet»? Det betyr at økonomiske og sosiale skilnader i samfunnet er for store og bør minskast. Ivaretatt.

- **Nærleik mellom utdanningsinstitusjonar og næringsliv (les: samarbeid)**
- **OK Mål om å få fleire ut i arbeid** Tatt inn i attraktiv, lagt til mål om allsidig og aktivt næringsliv, som no er slik: "Kvinnherad skal ha eit allsidig og aktivt næringsliv. Full sysselsetjing skal oppretthaldas"
- **Kvinnherad kommune skal støtte tiltak og aktivitet for å bekjempe einsemd** faller inn under fleire strategiar, men vanskeleg å tilpassa direkte

Grøn

- **OK Satse på energieffektivisering** tatt inn som omformulering i strategi om tiltak i kommunens organisasjon. Ny ordlyd:"Kvinnherad kommune går føre ved å sette konkrete tiltak for energieffektivisering og utsléppskutt i eigen organisasjon"
- **OK Instagram og andre sosial medium gjer at vi må tenkje betre gjennom korleis ein tilrettelegg for bruk av naturen, turstiar med mer. (les: "Instafossen på Fjellhaugvatnet")** er ivaretatt i kapittel "attraktiv"
- **OK Manglar setning om "grøn" næringspark, høyrer med i den "grøne" delen på lik line med landbruk – vi er enig, men den hører også heime som strategi i næringskapittelet. Vi kan ikkje ha same strategiar i to kapittel**
- **Toalett i alle turområde** Eit viktig punkt, men for spesifikt og samstundes manglande kunnskapsgrunnlag. Må takast i annet planarbeid.
- **OK Strategi nr. 7: Skogplanting tilpassa det naturlege miljøet, og som ikkje fører til tap av biologisk mangfald** tilføyd tekst i strategien, ny tekst: "Redusere klimagassutslépp frå landbruket gjennom god ergonomi, auka beitebruk, skogplanting tilpassa det naturlege miljøet, mindre transport og satsing på biogass"
- **OK Strategi nr. 10: ...tilgjengelege og effektive kollektivsystem** tilføyd en setning i strategien, ny tekst: Syta for at Kvinnherad vert ein føreganskommune for effektive og tilgjengelege kollektivsystem utan utslépp"
- **OK Ny strategi som tek for seg maritimt vern (tareskog m.m.)** Tekst i ny strategi: "Ved planlegging av tiltak i sjø skal vern av tareskog og anna marint artsmangfald vekleggjast"
- **OK Mål og strategiar som gjer Kvinnherad vekst i det grønne skiftet** ivaretatt under attraktiv, også medtatt i ny strategi under grøn.tekst "Kvinnherad skal ta aktivt del i innovasjon i det grønne skiftet, og ser dette som ein mogelegheit for vekst. Innovasjon i grønne næringar skal stimulerast, til dømes med insentivordningar som stipend e.l."
- **Kva kan vi tene på å vere grøn? => framheve det => by & land => godtepose**
- **Målsetting på å for eksempel å tilretteleggje for auka produksjon ved Hydro Husnes, gjerne dobling**
- **Ikkje vindkraft** Er allereie vedteke av kommunestyret i eigen sak.
- **OK Auke vasskraftproduksjonen; arbeidsplassar i Kvinnherad** - Strategi under attraktiv utvidet. Tekst: "Auke vasskraftproduksjonen, og sikre at kraftproduksjonen i størst mogeleg grad vert nytta til lokal verdiskaping"
- **Utdanning: metallurgi** for spesifikt for planen. Mangler kunnskapsgrunnlag
- **Havbruk, kraft & energi, mineralførekomstar, metallurgi** for spesifikt for planen. Mangler kunnskapsgrunnlag
- **OK Punkt om solenergi: Kvinnherad kommune skal bygge ut solenergi på sine bygg** Ivaretatt i generelt punkt om energieffektivisering. Bør spesifiseres i klima og miljøplan
- **Bruke det å "vere grøn" i marknadsføring. Ikkje restriksjonar, men vise moglegheiter**
- **OK Innovasjon innan grøn næring**

- OK Stipend for å engasjere (klima, idear, utvikling) Ny strategi om det grønne skiftet
- Bilfrie handlegater (sesong, ved event eller alltid?) for spesifikt . Er elles delvis ivaretatt i frisk strategi om møteplasser og bygdemiljø
- Strategi: Syte for at Kvinnherad vert ein føregangskommune....på sjø. Kvinnherad skal aktivt...med mål om å auke produksjon
- OK Legge til rette for kjeldesortering av hytterrenovasjon. Må finne areal til dette. Føyd til en setning i strategi for berekraftig reiseliv. Ny tekst: "Leggje til rette for eit berekraftig reiseliv som sikrar lokal verdiskaping og ikkje aukar klimagassutsleppa i kommunen. Hytterrenovasjon skal kildesorteras."
- Knutepunkt mellom Sunnhordland og Hardanger
- OK «Kvinnheradnaturen må også...». Denne setninga er for hard/kvass. Bør takast vekk.:iViser til uttjuping av mål om ivaretaking av natur. Endring ivaretatt

Attraktiv

- OK Det skal jobbast aktivt for å få meir utsleppsfri varetransport på sjø med m.a. sikring av areal til hamner-ivaretatt i ny strategi. Tekst: "Det skal jobbast aktivt for meir utslippsfri transport på sjø. Tilstreккеleg areal til hamnar må sikrast."
- Viktigaste punkt er: Beredskap for flaks!
- Arbeide for statlege arbeidsplassar _allereie ivaretatt
- I alle framtidige reguleringsplanar må det vere eit avsnitt som skildrar korleis attraktiv for barnefamiljar Lovbestemt at barn og unges interesser skal ivaretakas i reguleringsplanar. Treng ikkje i KPS
- OK Utvikle Kvinnherad som sentrum mellom Hardanger og Sunnhordland tatt inn i brødtekst under attraktiv. Tekst: "Kvinnherad sin strategiske posisjon mellom Sunnhordland og Hardanger må løftas fram"
- OK Treng fleire bustadar som ein kan leige I ivaretatt i strategi om å legge aktivt til rette for bustader for grupper med ulike behov (under "frisk") God ide som bør arbeidast viare med.
- Realisere økolandsby i Kvinnherad For spesifikk. Ivaretatt i strategi om å legge aktivt til rette for bustader for grupper med ulike behov (under "frisk") God ide som bør arbeidast viare med.
- OK Digitalisering av kommunale tenester Føyd til i strategi om kommunale tenester under attraktiv. Endret tekst: "Kommunen skal syta for god informasjonsflyt og dialog med innbyggjarane. Digitalisering av kommunale tenester er eit satsingsområde"
- OK Næringsfellesskap; privat, offentleg. Viktig med tilgang på slike kontor plassar. Føyd til i senterstruktur
- Når vi søker etter arbeidskraft, viktig med fokus på at Kvinnherad er ein flott plass og at vi har jobb for begge tatt til etterretning
- Stille krav til design og arkitektur
- OK Utheva skrift s. 9: Kvinnherad har i dag levande ... verdiar i samfunnet
- Hyttfelt må inkluderast i planen
- Mål: Kvinnherad skal vere den føretrekte kommunen for næringsutvikling. Heie på, og tilrettelegge for, lokalt næringsliv slik at dei kan vidareutvikle seg
- Marknadsføre og lage ei meikevare rundt kombinasjonen av «urbanitet og landligheit». Tyder ikkje sentralisering, men urbane arbeidsplassar
 - Kulturscene på vatnet
 - Kulturfabrikk

- Møteplassar
- Gaming
- Urbanitet
- Zipline frå fjellet
- Inkludera endra busetnadsmønster mtp. pandemi/heimekontor
- OK Ta imot næringa der næringa vil vere. Døme: Ænes Inkubator [ivaretatt i senterstruktur](#)
- OK Opne for næringsetablering i kommunen, samstundes som det vert satsa på regionsenter Husnes [ivaretatt senterstruktur](#)
- Hub/klynge

Senterstruktur

- OK Alle må få bokbuss [rettet](#)
- OK Ungdomsskule på Hatlestrand og Sæbøvik [Ligger inne som "kan"](#). Planen kan ikkje foregripe skuledebatt i kommunestyret, slik at vi må behalda denne formuleringen
- Ja til detaljhandel i alle bygder, men store aktørar skal i all hovudsak lokalisrast til Husnes og evt Rosendal
- OK Bokbuss i alle bygder [rettet](#)
- Kva handel ynskjer me kor hen?
- Større lokaler/areal
- OK Detaljhandel [skal](#) ikkje skje i sentrum, men ein legg til rette for at det skjer der [ivaretatt](#)
- Har fleire eksempel på at næring ikkje får etablere seg i sentrum. Det må bli tatt høgde for.
- OK Ta vekk: *og særlig i sentrum av Husnes og Rosendal, side 13* [ivaretatt](#)
- OK Endre: *lokalahandel skal ein oppfordre til detaljhandel skjer i etablerte bygdesentra.* [ivaretatt](#)
- Bygge opp regionsenter Husnes – ikkje alltid Husnes [og](#) Rosendal
- Endre følgjande i tabellen:
 - Ungdomsskule: B på lokalsenter også
 - OK Bokbuss: B på lokalsenter og nærsenter
 - OK Fysioterapeut: B på lokalsenter
 - OK Omsorgsbustader: B på lokalsenter
 - Sjukeheim: B på lokalsenter
 - OK Kulturhus: Halsnøy kulturhus
 - OK Høgare utdanning: K på lokalsenter

Arealstrategiar

- OK Leggje til rette for fleire offentlege badestrender [Føyd til punkt om friluftlivsområder. Ny tekst: "Viktige friluftsområde i heile kommunen skal takas vare på. Det skal leggjast til rette for fleire offentlege badeplassar."](#)
- OK Kystkulturen er viktig for kvinneheringane. Vi må kunne bruke kystlina vår meir enn i dag [ivaretatt i tekst side 12:](#) "Det er eit ønskje om meir planlagt utbygging av busetnad nærare sjøen og grønstruktur. Difor bør det vera lettare å få til planlagt bygging i 100m beltet i bygdene, utan at det går på kostnad av tilgjenge til strandsona for alle. Ein må også syta for å

bevara eldre naust- og kystkulturmiljø. Strandareal er ein knapp ressurs og eit dyrebart fellesgode som kommunen skal forvalte til beste for alle.”

- Kva gjer vi med eksisterande bustadfelt i faresoner? Eksisterende planer skal vurderes i arealdelen
- OK S2(?): ...elles SKAL spreidd... ivaretatt
- Vi har eit unikt område rundt og på Husnes som skal utviklast for næring og bustadbygging er ivaretatt i arealstrategien
- OK Spesifisere næringsareal til sjø ivaretatt i tekst side 12. Lagt til nytt punkt, sjå tekst ovenfor
- OK Tilrettelegge for badeanlegg i og ved sjø ivaretatt
- Ein skal kunne legge til rette for enkel næringsverksemd i LNF-område, a la «Birdbox» og «Tretoppfytter» Er ivaretatt frå før
- OK Vi er ein kystkommune og aktiviteter som høyrer til skal vi tilrettelegge for ivaretatt nytt punkt
- OK Behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, td. satsing på reiseliv og turisme, skal tilleggast vekt i vurdering av tiltak i 100-metersbeltet ivaretatt i punkt næringsareal til sjø
- Område for fritidsbygning skal utformast med vekt på landskap, ressursbruk og estetikk Skrevet inn i brødtekst side 11. Tekst: “Område for fritidsbygning skal utformas med vekt på landskap, ressursbruk og estetikk”
- OK Kvinnherad vil stimulere til langsiktig og heilskapleg planlegging av fritidsbustadar som sikrar eit variert hyttetilbod etter det behovet marknaden etterspør Brødtekst side 11:” Kvinnherad vil stimulere til langsiktig og heilskapleg planlegging av fritidsbustadar som sikrar eit variert hyttetilbod etter det behovet marknaden etterspør”
- OK Dyrka mark og dyrkbar jord skal vernast om og nydyrking skal prioriterast tekst “Dyrkbar mark og dyrkbar jord skal vernast om. Nydyrking skal prioriterast”
- Utnyttingsgrad må vere meir fleksibel. Tolka ut frå kva tiltak ein gjer, ikkje berre 30 % på alt => meir tomteareal i tettbygde stork Tas med i arbeid med føresegnar til arealdelen
- OK Fortette i Rosendal og på Husnes ivareatatt
- I bygdene elles skal arealdelen leggja til rette for spreidd busetnad Vurderes i arealdelen. Kan gi problemer med så generell formulering
- All planaktivitet skal stimulere vekst. Krav til reguleringsplan skal reduserast til fem bueiningar eller meir. Må vurderes i arealdelen
- Ta vekk maksareal (250 kvm «inkl. postakassestativ»). Argument: fortetting, høgare utnyttingsgrad.-Føresegnar i arealdel
- Reduser krav til 2 parkeringsplassar til 1 – 1,5 plass. Gjesteparkering kjem utanfor. Føresegnar til arealdel
- OK Eit punkt om konseptutvikling i næringsutvikling. Kan gje fleksibilitet i arealplanen, td. distelleri på Fedje. Ivaretatt i beredskap for flaks. Setning om konseptutvikling lagt til.
- OK Planlegg for flaks alltid!
- Målsetting i f.t. tilrettelegging av hytter. 2/3 av målsettinga i fjellheimen, 1/3 nær sjø. For spesifikt. Må tas ved neste rullering, jfr. Planprogram og planstrategi
- Den blå streken tilbakeført til slik den var før revisjonen. Godkjente reguleringsplanar skal gå føre arealplanen Viktig føring for arbeid i arealdel. Blå strek må vurderes i hvert enkelt tilfelle
- OK Bygging nær sjø. Døme Bømlo sinplan #bømlo2049. Ev. fylling ved sjø, for å bygge der ivaretat gjennom ny tekst

- Nedfallsnaust skal «automatisk» kunne førast opp att. Positivt svar på bygge Vurderes i vedtekter for arealdel. Må kvalitetssikres juridisk.
- OK Kystkultur ivareatt
- Endre «Nedbygging av urørt natur» Første del av setningen er tatt ut
- OK 3. Næringsareal i alle bygder (opp til kring10 mål, meir ved behov) -meir ved behov lagt til. Ny tekst: “opptil rundt ti mål, meir ved behov”
- OK Tilrettelegge for næringsverksemd på LNF. Aktivitet garden kan tene pengar på. er allereie tatt vare på
- OK Positiv til omdisponering av eldre bygg på gardsbruk. Faller inn under punkt tilrettelegging for næringsverksemd i LNF

Anna

- OK Overordna visjon for kommunen:
- OK Folketalsvekst
- OK Innovativ og framdriftsretta
- OK Auka næringsetablering Tatt inn som eit avsnitt om visjon framst i planen (etter ordførarens forord)